

Samnanger historielag
- Der gamalt og nytt møtest -



Samnanger Historielag

Postboks 18

5652 Årland

Org.nr. 989601725

Møtebok frå årsmøtet i Samnanger historielag **tysdag 03. mars 2026**

Årsmøtet vart halde i Antons Kulturhistoriske senter, starta kl 1900 og avslutta kl 2100.

Til stades på møtet: 29 personar.

Før årsmøtesakene held Tor Wold eit kort, men informativt og interessant innlegg om Samnanger Uldvarefabrik. Dette var ein del av det historiske materialet som han har arbeidd med, og sett saman over tid. Han fortalde at undervegs har det dukka det opp nye kjelder, nye bilete og ny informasjon som gjev ny innsikt i ullvarefabrikken sin historie. Planen er at Tor Wold, før påske, skal halda eit kveldsforedrag på biblioteket der han vil gå djupare inn i det materialet han har funne om fabrikken. Styret vonar at den korte presentasjonen hans på møtet, vekte interessa for å få meir kunnskap om emnet.

Dato for foredraget vert annonsert i Samningen og på e-post til medlemmane i historielaget.

Saksliste til årsmøtet

1. Val av ordstyrar

Framlegg til vedtak: Leiar blir ordstyrar.

Vedtak: Leiar av laget, Knut Harald Frøland, vart vald til ordstyrar.

2. Val av referent

Framlegg til vedtak: Skrivar blir referent.

Vedtak: Skrivar, Toril Tysseland, vart vald som referent.

3. Val av 2 personar til å signere møteprotokoll

Vedtak: Hans Tysse og Asbjørn Moss vart valde til å «signera» møteprotokoll.

4. Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak: Innkalling og saksliste blir godkjent.

Vedtak: Innkalling til møtet og saksliste vart godkjent.

5. Godkjenning av årsmelding

Framlegg til vedtak: Årsmøte tar årsmelding til orientering.

Årsmeldinga vart gjennomgått av Knut Harald.

Vedtak: Årsmøtet tok årsmeldinga til orientering.

6. Godkjenning årsrekneskap

Framlegg til vedtak: Årsmøte godkjenner årsrekneskapen.

Gisle Øye utdjupa og orienterte om årsrekneskapet.

Vedtak: Årsmøtet godkjende årsrekneskapet for 2025.

7. Vedtektsendringar

Det var ingen saker under dette punktet.

8. Godtgjersle for 2025

Framlegg til vedtak:

Styret	Godtgjersle
Leiar	2000
Nestleiar	500
Kasserar	2000
Skrivar	1000
Styremedlem	500
Vara	500
Vara	500
Årboknemnd	
Redaktør	10000
Medlem	1000
Medlem	1000
Revisor	1000
Fotogruppa	
Til fordeling	4000
Valnemnd	
Medlem	500
Medlem	500

Vedtak:

Styret	Godtgjersle
Leiar	2000
Nestleiar	500
Kasserar	2000
Skrivar	1000
Styremedlem	500
Vara	500
Vara	500
Årboknemnd	
Redaktør	10000
Medlem	1000
Medlem	1000

Revisor	1000
Fotogruppa	
Til fordeling i gruppa	4000
Valnemnd	
Medlem	500
Medlem	500
Tilsaman	25000

Godtgjersle for 2025 vert utbetalt våren 2026.

9. Medlemskontingent

Framlegg til vedtak:

Pris for medlemskap i Samnanger historielag vert frå 2026 auka til 300 kr per medlem og 350 kr for ein familie.

Merknad til saka: Det kom framlegg om at medlemsskapskontingenten i historielaget skulle vera uendra.

Vedtak:

Pris for medlemskap i Samnanger historielag vert frå 2026 auka til 300 kr per medlem og 350 kr for ein familie.

10. Innkomne saker

Ingen innkomne saker til årsmøtet.

11. Val

Anlaug Røen Hauge orienterte om arbeidet i valnemnda. Audhild Olsnes og Anlaug har vore valnemnd dette året.

Status styret, årboknemnd, fotogruppe, revisor og valnemnd før årsmøtet 2026:

Verv	Namn	Status
Leiar	Knut Harald Frøland	På val
Nestleiar	Helge Hisdal	På val
Kasserar	Gisle Gardar Øye	Ikkje på val
Skrivar	Toril Tysseland	På val
Styremedlem	Tor Bjørn Wold	Ikkje på val
Vara	May Tone Lønnebakken	På val
Vara	Vidar Tveiterås	På val
Årboknemnd		
Redaktør	Øyvind Røen	På val
Medlem	Solvor Aadland	Ikkje på val
Medlem	Knut Ådne Røen	Ikkje på val
Fotogruppa		
Leiar	Tor Bjørn Wold	
Revisor		
Revisor	Arne Nordbø	Ikkje på val
Valnemnd		
Medlem	Anlaug Røen Hauge	På val
Medlem	Audhild Olsnes	På val

Vedtak:

Styret	Namn	Periode	Tal år
Leiar	Knut Harald Frøland	2026	1
Styremedlem	Helge Hisdal	2026-2028	2
Styremedlem	Gisle Gardar Øye	2025-2027	2
Styremedlem	Tor Bjørn Wold	2025-2027	2
Styremedlem	Thomas Hellevang	2026-2028	2
Vara	Liv Grete Røsseland	2026	1
Vara	Thor Olav Holmefjord	2026	1
Årboknemnd			
Redaktør	Øyvind Røen	2026	1
Medlem	Knut Ådne Røen	2025-2027	2
Medlem	Solvor Aadland	2025-2027	2
Fotogruppa			
Leiar	Jan Trygve Totland	2026-2028	2
Revisor	Arne Nordbø	2026	1
Valnemnd			
Medlem	Vidar Tveiterås	2026	1
Medlem	Toril Tysseland	2026	1

I vedtektene til historielaget står det følgjande i § 3 Organisering: «*Styret konstituerer seg sjølv med nestleiar, kasserar og skrivar*». Difor er oversynet over styret sett opp med leiar, styremedlemmer og vara.

Solvor Aadland fekk ordet på slutten av møtet, og minna om den viktige jobben som vert lagt ned i årboknemnda. Ho namngav og roste dei som hadde vore redaktørar for årboka frå starten i 2000 og fram til i dag.

Etterpå vart det servert kaffi/te og kringle, medan praten gjekk.

Protokollunderskrift:

Hans Tysse
sign

Asbjørn Moss
sign